

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520
6404 MOLDE

Vår dato: 18.06.2025
Vår ref.: 202103759-12 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 2024/4862-157

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE opprettheld og trekker motsegn til andre gangs offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2025-2037 for Hustadvika kommune

Vi viser til brev frå Hustadvika kommune datert 16.05.2025. Saka gjeld andre gangs offentlig ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2025 – 2037 for Hustadvika kommune. NVE fremja motsegn til planframlegget ved første gangs offentlig ettersyn. Sjølv om brevet har Statsforvaltaren i Møre og Romsdal som mottakar, stilar vi innhaldet i brevet direkte til kommunen.

NVE opprettheld motsegn til planen knytt til;

- **Manglande avklaring av reell fare på siste plannivå eller krav til reguleringsplan for område avsett til spreidd utbygging i LNFR-områda.**
- **Manglande omsyn til energianlegg som er ein del av regional- og nasjonalnettet.**

Endringane som er gjort i revidert planframlegg svarar ikkje fullt ut for våre merknader.

NVE trekker motsegn til planen knytt til;

- **Manglande vurdering og dokumentasjon på bruk av omsynssone *Vidareføring av reguleringsplan H910*.**
- **Manglande vurderingar eller krav til reguleringsplan for område i aktsemdområde for kvikkleireskred.**
- **Mangelfulle føresegner for omsynssone Skredfare H310 knytt til aktsemdsområde for skred i bratt terreng.**

Med endringane som er gjort i revidert planframlegg har kommunen svara for våre merknader og grunnlaget for motsegnspunkta har falle bort.

Grunnlaget for motsegna er skildra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).



Om motsegna

NVE fremja motsegn til planframlegget ved første gongs offentlig ettersyn i brev datert 12.09.2024. Grunnlaget for motsegnspunkta var;

- Manglande avklaring av reell fare på siste plannivå eller krav til reguleringsplan for område avsett til spreidd utbygging i LNFR-områda.
- Manglande vurdering og dokumentasjon på bruk av omsynssone *Vidareføring av reguleringsplan H910*.
- Manglande vurderingar eller krav til reguleringsplan for område i aktsemdområde for kvikkleireskred.
- Mangelfulle føresegner for omsynssone Skredfare H310 knytt til aktsemdsområde for skred i bratt terreng.
- Manglande omsyn til energianlegg som er ein del av regional- og nasjonalnettet.

NVE si vurdering av revidert planframlegg

Generelt om revidert planframlegg

I vår vurdering av revidert planframlegg har vi i første rekke sett på korleis de har svara på våre merknader. I dokumentet «Merknadsbehandling - ...» er det lista opp om kommunen tek omsyn til merknader eller ikkje. Det er ikkje gjort greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og difor svært utfordrande og ressurskrevjande å få oversikt på korleis merknadane er tatt omsyn til i reviderte plandokument.

Vi vil også vise til at plankartet som ligg ved høyringa er svært vanskeleg å lese fordi både pdf-utgåve og plankart i digital form (kommunekart) er presentert i eitt eksemplar med alle omsynssoner utan høve til å slå av og på lag.

LNFR-område med spreidd utbygging

Jamfør merknaden ovanfor, finn vi det utfordrande å sjå korleis de har følgd opp denne merknaden. Slik plankartet er framstilt er det svært vanskeleg å sjå kvar de har plassert område for spreidd utbygging. Vi har ikkje gått grundig og systematisk gjennom desse områda, men gjennom ein stikkprøve ser vi at heile område LSB9 ligg innanfor omsynssone Skredfare H310. Det er også gitt tilsvarande opplysningar i KU/ROS for det aktuelle området. Med dette som eksempel kan vi ikkje sjå at merknaden om krav til avklaring av reell fare på siste plannivå er følgd opp, og grunnlaget for vår motsegn er framleis til stades. **NVE oppretteheld motsegn til planen inntil det er sett krav om detaljregulering eller at reell fare er avklara på siste plannivå.**

Bruk av omsynssone H910 - Vidareføring av reguleringsplanar

Så langt vi kan sjå er omsynssone Vidareføring av reguleringsplan H910 vidareført for eit mindre tal planar i høve til planframlegget ved første gongs offentlig ettersyn, jf. framlegg til reviderte føresegner § 10.6. I framlegg til reviderte føresegner § 10.6 er ordlyden endra,



og lista over planar viser at eldste plan er frå 2021. De har truleg gjort meir konkrete vurderingar for grunnlaget til omsynssona, men så langt vi kan sjå er det ikkje omtale av slike vurderingar i plandokumenta.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) har i brev til Øygarden kommune 15.05.2025 gitt tolkingsuttale om forholdet mellom pbl. § 1-5 andre ledd og bruk av omsynssone med heimel i pbl. § 11-8 bokstav f. Lenke til brevet; [§§ 1-5 og 11-8 – Forholdet mellom motstridsbestemmelsen i § 1-5 andre ledd og hensynssone f - regjeringen.no](#). Slik vi les KDD sitt brev vil endringane som de har føreslege i revidert føresegn § 10.6.1 vere i tråd med uttalen til departementet og svare for våre merknader til planen ved første gangs offentlig ettersyn, og grunnlaget for motsegna har falle bort på dette punktet. **NVE trekker motsegn til arealdelen knytt til bruk av omsynssone H910.**

Naturfare

Grunnforhold

Ved første gongs offentlig ettersyn fremja vi motsegn til planen med grunnngjeving i mangelfulle vurderingar og krav til dokumentasjon på tryggleik mot kvikkleireskred. Sidan de hadde krav i føresegnene § 4.5 knytt regulering av areal under marin grense, fann vi grunnlag for å utdjupe det i tilleggssuttale til planen i eige brev datert 25.09.2024.

I revidert planframlegg er føresegna flytta til § 4.4, og ordlyden endra slik at den fangar opp andre tiltak enn regulering. I framlegg til revidert plankart er det regulert omsynssone skredfare H310, som så langt vi kan sjå også omfatta aktsemdkartert for kvikkleireskred. I tilhøyrande føresegn § 10.1.1 står det at grunnlaget for omsynssona er aktsemdkart for snøskred, steinsprang og jord- og flaumskred, medan det for tilsvarande omsynssone i planomtalen kap. 9.1 kan lesast slik at grunnlaget for omsynssona er aktsemdkart for kvikkleireskred.

Samla sett vurderer vi at grunnlaget for vår motsegn ikkje er til stades, men vi har nokre klare råd til rydding i plandokumenta for å gjere planen meir brukarvennleg. Dersom de gjer følgjande endringar vil krav om vurdering av grunnforhold bli avgrensa til aktsemdområda og ikkje alt areal under marin grense;

1. Omsynssone skredfare H310 bør bruke aktsemdkart for kvikkleireskred som grunnlag slik de gjer, men de kan med fordel gi nummer til omsynssona for å skilje ulike skredtypar (eksempelvis H310_1 kvikkleireskred og H310_2 skred i bratt terreng).
2. Det må kome tydeleg fram av tilhøyrande føresegn kva som er grunnlaget for omsynssona, og kva krav til avklaring som gjeld.
3. Krava som de har sett i framlegg til føresegner § 4.4 bør inngå i oppdatert føresegn knytt til omsynssona skredfare H310, og då kan § 4.4 gå ut.



NVE trekker motsegn knytt til manglande vurderingar eller krav til reguleringsplan for område i aktsemdområde for kvikkleireskred. Vi rår sterkt til at de oppdaterer plandokumenta slik vi skriv ovanfor.

Skredfare i bratt terreng

NVE hadde motsegn til planframlegget ved første gangs offentlig ettersyn med grunngeving manglande eintydig informasjon om faretype og krav til avklaring av reell fare knytt til omsynssone skredfare H310. I revidert planframlegg er § 10.1.1 i føresegnene endra, og det kjem tydeleg fram at grunnlaget for omsynssona er NVE sine gjeldande aktsemdkart for skred i bratt terreng. Ordlyden i føresegna er endra i samsvar med våre råd, og grunnlaget for motsegna er ikkje lenger til stades. **NVE trekker motsegn til planframlegget knytt til manglande eintydig informasjon om faretype og krav til avklaring av reell fare i føresegnene for omsynssone skredfare H310.**

Etter at vi ga uttale til første gangs offentlig ettersyn, har NVE utarbeidd nytt framlegg til tekst i føresegnene for aktsemdområde for skred i bratt terreng som de kan vurdere å ta inn før slutthandsaming av planen. Framlegg til tekst er fleksible i høve til informasjonen som er gitt i aktsemdkarta for snøskred, som vart publisert i 2023.

NVE har laga ei prosedyre som kan vedtakast som føresegn til omsynssone skredfare H310 på aktsemdnivå i kommuneplanen sin arealdel. Ein føresetnad for å bruke prosedyren er at det mest konservative aktsemdkartet for snøskred (S3_snoskred_Aktsomhetsomrade) inngår i omsynssone H310, saman med aktsemdkart for steinsprang og aktsemdkart for jord og flaumskred.

Kommunen kan til dømes vedta prosedyren som ei føresegn til omsynssona:

Omsynssone H310_X er aktsemdområde for skred bratt terreng. Grunnlaget for sona er aktsemdkart for snøskred S3 2023, aktsemdkart for steinsprang, og aktsemdkart for jord og flaumskred. I alle plan- og byggesaker skal avklaring av tryggleik mot skred skje etter følgjande prosedyre/framgangsmåte:

1. *Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for steinsprang, og/eller jord- og flaumskred, må fagkyndige vurdere om tryggleiken mot skred er tilstrekkeleg i høve til krava i TEK17 § 7-3.*
2. *Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområde for snøskred S3 2023, men utanfor aktsemdområde for jord- og flaumskred og aktsemdområde for steinsprang, gjeld følgjande:*
 - a. *For tiltak etter TEK17 § 7-3, 1. ledd og i tryggleiksklasse S3 må fagkyndige avklare om skredfaren er reell.*
 - b. *For tiltak i tryggleiksklasse S2 kan aktsemdkart for snøskred S2 utan skogeffekt konsulterast.*
 - *Dersom tiltaket ligg utanfor aktsemdområdet er tryggleiken tilstrekkeleg og skredfaren avklart.*



- *Dersom S2 tiltaket ligg innanfor aktsemdområdet må aktsemdkart for snøskred med skogeffekt konsulterast. Dersom tiltaket då ligg utanfor aktsemdområde for S2 med skogeffekt er tryggleiken tilstrekkeleg dersom det blir teke grep som sikrar at skogen sin skredførebyggande effekt blir teken vare på i framtida. Alternativt må fagkyndige kartlegge skredfaren som om skogen ikkje er til stades, og om naudsynt dokumentere tilstrekkeleg tryggleik ved bruk av risikoreduserande tiltak.*
 - c. *For tiltak i tryggleiksklasse S1 kan aktsemdkart for snøskred S2 med skogeffekt konsulterast.*
 - *Dersom tiltaket ligg utanfor aktsemdområdet kan tiltaket gjennomførast utan grep som sikrar at skogen sin skredførebyggande effekt blir teken vare på*
 - *Dersom tiltaket ligg innanfor aktsemdområdet må fagkyndige kartlegge skredfaren, og om naudsynt dokumentere tilstrekkeleg tryggleik ved bruk av risikoreduserande tiltak.*
3. *Fagkyndig kartlegging av skredfare i bratt terreng skal skje i samsvar med NVE sin [«Veileder for utredning av sikkerhet mot skred i bratt terreng»](#).*

Vi viser avslutningsvis til vår merknad knytt til grunnforhold og omsynssone skredfare H310 ovanfor. Sidan både skredfare i bratt terreng og kvikkleireskred blir omfatta av omsynssona, rår vi til å skilje mellom faretypane med nummer, samt at tilhøyrande føresegnar gir tydelege føringar og krav.

Flaum og erosjon

Ved første gongs offentlig ettersyn hadde vi nokre merknader til ordlyden til føresegnene § 10.1.2 tilhøyrande omsynssone flaumfare H320. I revidert plankart er det framleis omsynssone flaumfare i delar av plankartet, medan tilhøyrande føresegn er tatt ut. Vi registrerer også at det i framlegg til reviderte føresegnar § 2.2.1 er sett forbod mot tiltak i faste avstandar frå vassdraga basert på storleik til nedbørsfeltet.

NVE vurderer at tryggleik mot flaum og erosjon i grove trekk er tatt i vare, men vi rår til at de brukar NVE sitt aktsemdkart for flaum som grunnlag for omsynssone flaumfare H320. NVE har nyleg oppdatert aktsemdkartet slik at det fangar opp fleire og mindre vassdrag, og såleis er eit godt grunnlag for å berre bruke aktsemdkartet for å definere kva område som krev avklaring av reell fare for flaum og erosjon.

Vassdrags- og energianlegg

I revidert planframlegg er 420 kV kraftleidning Viklandet – Fræna regulert med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740*. Denne kraftleidningen er ein del av nasjonalt transmisjonsnett, og vi er nøgd med at planen tek omsyn til anlegget. Men også regionalnettet som omfattar fleire 132 kV kraftleidningar i kommunen har konsesjon etter energilova og må få same status i plandokumenta. **NVE opprettheld motsegn til planen**



inntil 132 kV kraftleidningar som har konsesjon etter energilova er regulert med omsynssone *Bandlegging etter anna lovverk H740.*

Dersom de har spørsmål, ynskjer å drøfte, eller få utdjupa våre merknader står vi gjerne til teneste og kan stille på møte.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Kopimottakarar:

Møre og Romsdal fylkeskommune
HUSTADVIKA KOMMUNE